

Bryggjarlag på historisk grunn

21.10.2014



Bryggjarlaget samla ved Brandenburger Tor, det mest kjente Berlin-symbolet

**Enno ein gong har Humlepungen Bryggjarlag gjennomført studietur til ein sentral europeisk by..Tema var Berlin - muren og den kalde krigen.**

**Siktemålet med turane er både å styrke eit sosialt fellesskap og interesssa for bryggjing og auka forståing og kunnskap om viktige historiske hendingar og byar i Europa.**

**Neste tur vert truleg Barcelona med innlagt fotballkamp på Barca stadion.**



På Potsdamer Platz er muren enno synleg

Guiden Britt Hogstad Hansen har stor kunnskap om Tyskland - særleg Berlin.  
Ho kom til byen i 1996 og guidar berre norske gupper.

På 6 timer fekk bryggjarlaget, på ei rekke stoppunkt, ei solid innføring  
i framvoksteren av Berlin gjennom ulike historiske periodar.



Sykkel er eit veleigna framkomstmiddel i Berlin

Særleg la ho vekt på mellomkrigstida med nasjonal sosialismen, kigen og etterkrigstida med byen før og etter muren. På byvandringa var ein innom 3 lokale mikrobryggeri.

Det vil alltid vera tid til å oppsøkja turmål ut frå eigne interesser: kyrkjer, bibliotek, antikariat, historisk museum og kunstmuseum.

Nokre rakk langt med å bruka sykkel. Ellers er det gode framkomstmidlar i Berlin. Med ein rimeleg dagsbillett for grupper kan du bruke både U-bane, S-bane, bane og buss-.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal  
Nett: Ola Matti Mathisen